

Skafsa Kraftverk ANS

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo
V/Anne Karine Herland

Postadresse: Høydalsmovegen 815
3891 Høydalsmo
Vareadresse: kraftstasjonsvegen 369
3880 Dalen
Telefon: 35 07 57 57
E-post: firmapost@vtk.no
Org.nr: 840 044 262 MVA

Saks nr: 202117584

Dato: 19.03.2025

Fastsette minstevannføring i Sæbyggjeåi

Viser til Høyring - fast manøvreringsreglement for Sæbyggjeåi - Gausbu kraftverk, vedtak Tokke kommunestyre datert 19.11.2024 av sakshandsamar Olav Bjørn Bakken.

Skafsa kraftverk ynskjer å belyse ulike element i vedtaket gjort av Tokke Kommune. Ein ekstern biolog har vore kontakta for å verifisere innhaldet relatert til det fiskebiologiske i svaret til Skafsa kraftverk ANS.

Produksjonstap.

Tokke kommune argumenterer med at det med deiers framlegg til minstevassføring vil vera 2% av total kraftproduksjon. Skafsa kraftverk ser ikkje kvifor det er relevant å sjå på den totale produksjonen for dei 4 kraftverka. Minstevassføringa i Sæbyggjeåi gjev berre eit tap for Gausbu kraftstasjon, dei andre anlegga vil kunne nytte vatnet når det kjem lengre ned i strengen uavhengig om det kjem frå minstevassføringa eller om det gjeng igjennom kraftstasjonen. Ser ein isolert sett berre på tala for Gasubu kraftstasjon vil forslaget fremma av Tokke kommune gje eit vasstap på ca. 6,5 GWh. Tek ein gjennomsnittleg produksjon dei siste 5 åra vil 6,5 GWh utgjere ca. 15 % av årsproduksjonen på Gausbu.

Vinterstid.

Når det gjeld minstevassføring vinterstid foreslår Tokke kommune at tidspunkt for minstevassføring settast til 16.11-15.05, med et minstevassføringsslepp på 0,5 m³/s. I den fiskebiologiske utredninga utført av Norconsult foreslår dei ei minstevassføringsslipp på 0,4 m³/s. Dette begrunnast i fyrste rekke med at fiskeundersøkelsane synte ein høg aurebestand i Gausbuvatn, og at bestandtettheita ikkje er redusert sidan førre undersøkelse i 1997/2001. Dette til tross for at det før 2001 vart slept ei minnstevassføring på 0,5 m³/s, mens det i dei siste 20 åra har vore ei minstevassføring på 0,3-0,4 m³/s. I tillegg gjev ein minstevassføring på 0,4 m³/s frå Borsæ dam ei tilstrekkeleg vatndekkning til at Sæbyggjeåi i stor grad opprettheld kvaliteten som produksjonsområde for aure. Det er difor lite som tyder på at ei auke i minstevassføringa frå 0,4 til 0,5m³/s vil ha nokon vesentleg betydning for dei fiskebiologiske forholda i Sæbyggjeåi og Gausbuvatn. Når ein tek den høge bestandtettheta i Gasubuvatn i betraktning så kan ein undre seg om det på generelt grunnlag er eit ynskje å auke bestanden ytlegare.

Skafsa Kraftverk vil også trekke fram at det er tvilsamt om Tokke Kommunes utvida periode for minstevassføring sommarstid, samanlikna med den fiskebiologiske utredningas forslag (01.10-01.06), vil ha nokon nemneverdig praktisk betydning anna enn nokon redusera kraftproduksjon.

Skafså Kraftverk ANS

Dette begrunnast med at minstevassføringa vil sleppast frå Borsæ dam, men dei faktiske forholda for akvatisk fauna lengre ned i vassdraget blir påverka av både minnstevassføringa og bidrag frå restfeltet. I periodane mellom 01.10-16.11 og 15.05-10.06, som tilsvarer differansa i foreslått minstevassføring mellom Tokke kommune og utreder, er det normalt eit betydeleg bidrag frå restfeltet. Detta medfører at den faktiske vassføringa i den delen av Sæbyggjeåi som har verdi som funksjonsområde for aure i Gausbuvatn, vil vera høgare enn pålagt minstevassføring. I tillegg vurderast det som lite hensiktsmessig å sleppe ei betydeleg vassmengde gjennom heile seinhausten (fram til 15.11) om formalet med dette er for å tilrettelegge for gytevandring og gyting. Ein stor forskjell i gytevasstand (differanse mellom vassføring under gyting og låg vassføring vinterstid når rogna ligg i grusen) aukar sannsynlegheta for tørrleggingseffektar på gyteområder, og ein høg vassføring gjennom heile seinhausten vil etter all sannsynleghet ikkje auke aurerekruttering då denne i all hovudsak styrast av dei lågare vintervassføringane.

For andre fagtema (landskap, friluftsliv t.d) vurderast ei minstevassføring vinterstid på 0,4 m³/s framfor 0,5 m³/s ikkje å ha betydning. Heller ikkje ei redusert periode for minstevassføringslepp seinhaustes og tidleg vår vurderast til å ha vesentleg påverking, grunna tidvis betydelege bidrag frå restfeltet samt det faktum at dei aktuelle tidene på året ikkje er dei mest relevante med tanke på rekreasjon og områdebruk.

Skafså Kraftverk er av den oppfatning at den ekstra nytteeffekten Tokke kommune foreslår vinterstid er svært begrensa med tanke på faktisk aureproduksjon og evt. andre effektar, og at ei ekstra kraftproduksjon difor bør vektleggast.

Sommarstid.

Når det gjeld minstevassføring sommarstid har Norconsult i si utredning anbefalt ei sommarvassføring på 0,8-1,0 m³/s. Skafså kraftverk har inga store innvendingar til dette forslaget, og det vurderast at ein sommarvassføring i den størrelseordenen vil ivareta både akvatisk økologi samt landskaps- og friluftslivinteresser i den perioden av året som er mest trafikkert. Tokke kommune tilrår ei minstevassføring på 1,0 m³/s frå 16.05 som er noko tidlegare en utredars kost-nytte forslag på 11.06. I den fiskebiologiske rapporten er datoan for sommarvassføring satt til 11.06 fordi restfeltet dei fleste år bidreg betydeleg til totalvassføringa før denne datoan, og at ei auka vassføring frå Borsæ dam frå 0,4 til 0,8-1,0 m³/s difor vil gje ein begrensa meireffekt tidleg på sommaren, spesielt i dei nedre delane av Sæbyggjeåi.

Skafså kraftverk er av den oppfatning at ein såpass tidleg start på vassføringsperioden som 16.05 vil representera ein svært begrensa positiv effekt samanlikna med ein start rundt 11.06, som følgje av det betydelege bidraget frå restfeltet i snosmeltingsperioden. Fiskebiologisk vurderast det som nesten neglisjerbart, då både den praktiske forskjellen i vassdekning vil vera svært beskjeden samt det faktum at perioden ikkje er spesielt viktig med tanke på vekst for aureungane.

I perioden frå 01.07-15.11 tilrår Tokke kommune ei minstevassføring på 1,5 m³/s.

Modulering av vassdekt areal viser at det er svær liten forskjell på vassdekning frå 0,8/1,0 m³/s og opp til 1,5 m³/s, og at det difor må vurderast at dei visuelle effektane vil vera små. Det er sannsynleg at vasshastigheten nokon plassar vil auke, men Skafså kraftverk vurderar at detta vil bidra til ein svært begrensa auke i vekst og aurerekruttering (og det kan i tillegg også diskuterast om ei auke i aurebestanden i Gausbuvatn er eit ynskje). Når det kjem til visuelle kvalitetar vurderast kostnadene med tapt kraftproduksjon som større enn dei antatt svært begrensa nytteeffektane for fiskebiologi og for visuelle effektar.

Skafså kraftverk ynskjer generelt å foreslå ei minstevassføring sommarstid på 0,8 m³/s, men vil foreslå, frå eit kost-nytte perpektiv, å auke i minstevassføringa i dei periodane som det er mest trafikk og der det samtidig kan vera lite bidrag frå restfeltet. Skafså kraftverk ynskjer difor å foreslå

Skafså Kraftverk ANS

ei minstevassføring på 0,8 m³/s i perioden 11.06-30.06 og 15.08-30.09, med noko auke på 1,2 m³/s i perioden 01.07-14.08.

Spyleflaumar og lokkeflaumar

Skafså kraftverk ANS er opne for å sleppe enkelte spyleflaumar i forbindelse med hasutflaumer. Dei konkrete nytteeffektane av dessa er noko usikker, men praksisen gjennomførast i dag og er også foreslått utført i den fiskebiologiske rapporten.

Skafså kraftverk foreslår at dagens krav til lokkeflaumer, satt til to periodar á 2 døgn i oktober på 2,0 m³/s vidareførast. Dette er også kva Tokke kommune anbefaler.

Skafså kraftverk ANS er usikre på kva for konkret nytte kraftige spyleflaumar på ± 20 m³/s kvart tredje år vil ha for vassdraget, slik som det er foreslått i innstillinga frå NVE i 2007 og no frå Tokke kommune. Det er bede om ei vurdering av dette frå Norconsult, som gjennomførte dei fiskebiologiske undersøkelsane. Prinsipielt er Norconsult av ein slik oppfatning at det er positivt med spyleflaumar i sterkt regulerte vassdrag, spesielt dersom det sjeldan eller aldri slepnes vant i overløp forbi dammen. Dette gjerast for å revitalisere bunnsubstrat ved at finstoff blir vaska ut og botnen blir dermed mindre «armert», samt at ein viss naturlig substratflyt- og dynamikk kan oppretthaldast. Det påpeka imidlertid av Norconsult at dei bygde tersklane i Sæbyggjeåi påvirkar dei hydromorfologiske forholda negativt, uavhengig av slippmønster. Dei vurderar at tiltak ved ein eller fleire av tersklane truleg vil ha et større positivt bidrag enn ekstra vassslipp, eventuelt også kombinert med utlegging av gytegrus for å (re)tilføre dette i vassdraget. Dersom det sjeldan eller aldri gjeng overløp forbi dammen vurderas det uansett som positivt med slipp av kortvarige spyleflaumar enkelte år.

Øvrige forhold

Dersom minstevassføring utover det som er skissert i fiskebiologisk rapport frå Norconsult er knytt til fiskebiologiske forhold, bør det etter Skafså kraftverk sitt syn heller sjåast på enkelttiltak knytt til habitatforbedring i elva. Dette vil trolig ha ein meir positiv effekt, og inkluderar kun eingongskostnader framfor eit kontinuerleg kraftproduksjonstap. Både frå eit bedriftsøkonomisk og samfunnsøkonomisk perspektiv bør difor habitattiltak vurderast framfor auka vintervassføring. Skafså kraftverk er kjent med at tiltak knytt til enkelte av dei etablerte tersklane i elva synes å vera aktuelle tiltak, og er positive til å sjå nærare på moglegheitene for dette.

Oppsummering

Skafså kraftverk har argumenter for sitt syn på kva som er fornuftige minstevassføringar, der omsyn knytt til kraftproduksjon må vektast opp mot faktiske nytteeffekter (i dette tilfellet knytt til fiskebiologiske forhold og delvis visuelle effektar). Forslag til minstevassførings baserast i stor grad på anbefalingar gjeve i den fiskebiologiske rapporten, samt erfaringar frå dagens drift:

Periode	Minstevannføring
01.10 – 10.06	0,4 m ³ /s
11.06 – 30.06	0,8 m ³ /s
01.07 – 14.08	1,2 m ³ /s
15.08 – 30.09	0,8 m ³ /s
Oktober	2,0 m ³ /s i 2 dager i to periodar.

Mvh

Skafså Kraftverk ANS



Elin Rugli

Dagleg leiar